



RIKSADVOKATEN

Samtlege statsadvokatembete, også Økokrim

Sendast berre på e-post

DYKKAR REF.:

VÅR REF.:

2015/01777-022 BIS/ggr
654

DATO:

30.09.2016

OVERSENDING AV ANKER FRÅ DOMFELTE - ENKELTE PRESISERINGAR OG PÅMINNINGAR

Ein viser til direktiv herifrå i to brev datert 15. juni d.å. ("Direktiv om fastsetting av frist for støtteskriv i straffesaker ved anke over dom og om oversending av saka til ankedomstolen", og "Kravet til originale ankeerklæringer og støtteskriv").

Høgsterett har uttrykt at ein der er nøgd med korleis direktiva, som vart gitt på bakgrunn av brev frå Høgsterett og orskurd derifrå, så langt er blitt følgde opp. Ein ser likevel at det kan vere grunn til å presisere og minne om følgjande:

- Det er ikkje nødvendig å ettersende verken originale ankeerklæringer eller originale støtteskriv til ankedomstolen, med mindre domstolen uttrykkeleg ber om dei.
- Saka sendast vidare til overordna påtalemyndighet så snart både ankeerklæring og støtteskriv – enten originalane eller underskrivne skanna versjonar – er komne inn. Originalar som kjem inn i etterkant, vert liggjande hos mottakar og arkiverast saman med dei andre saksdokumenta når desse kjem tilbake frå domstolen.
- Saksdokumenta skal ligge hos den politiadvokat eller statsadvokat som har satt frist for støtteskriv inntil fristen er løypt ut (med tillegg av den tida ein må rekne med at det tar før støtteskrivet når fram dersom det blir sendt med ordinær post). Verken Høgsterett eller Riksadvokatembetet ønskjer å få saka sendt over til seg før støtteskrivet ligg føre, eventuelt når fristen for dette er løypt ut. Ein legg til grunn at dette også gjeld lagmannsrettane.
- Førespurnader frå forsvarar om utsetting av fristen for støtteskriv avgjerast av påtalemyndighet og skal ikkje leggast fram for domstolen. Slike førespurnader bør ein normalt innvilge.
- Husk å skrive nedst på påteikningsarket at forsvarar er gjenpartsadressat (så fram det er tilfelle). Er det ikkje påført noko om dette vil i alle fall Høgsterett leggje til grunn at gjenpart ikkje er sendt forsvarar og sjølv gjere det, noko som er unødvendig dobbeltarbeid. Dersom

det ikkje går fram av påteikning frå underordna påtalemakt at forsvarar har motteke gjenpart av den, bør statsadvokaten sende gjenpart også av denne til forsvarar, med påskrift om dette i påteikninga til domstolen. Dette siste gjeld likevel ikkje reine oversendingspåteikningar utan merknader frå underordna påtalemakt.

Ein ber om at statsadvokatane formidlar det som er nemnd over vidare til påtalemakta i politiet.

Tor-Aksel Busch

Birgitte Istad
statsadvokat

Gjenpart: Noregs Høgsterett, pb. 8016 Dep., 0030 Oslo
Førstelagmennene